




HAREIDLANDET

EI ØYKOMMUNE UTANOM DET VANLEGE

INTENSJONSAVTALE MELLOM ULSTEIN OG HAREID



7. JULI 2016



INNHALD

Innhald	1
Kap.1 - Innleiing	2
Kap.2 - Visjon og mål	2
Kap.3 - Samfunnsutvikling	3
Kap. 4 - Gode og likeverdige tenester	4
Kap.5 - Fordeling av oppgåver	5
Kap.6 - Eit levande lokaldemokrati	6
Kap.7 - Kommunesenter	6
Kap.8 - Kommunenavn og kommunevåpen.....	6
Kap.9 - Målform	6
Kap.10 - Innbyggarmedverknad.....	6
Kap.11 - Ein sunn kommuneøkonomi	7
Kap.12 - Fellesnemnd	7
Kap.13 - Arbeidsgjevarpolitikk	8
KAP.14 - Verdjar i det vidare arbeidet	8

VEDLEGG:

- 1- Fakta og nøkkeltall for kommunane
- 2- Oversikt over dagens basistjenestar - kart
- 3- Oppgåver til Fellesnemnda



KAP.1 - INNLEIING

Stortinget har vedteke å gjennomføre ei nasjonal kommunereform der alle kommunar skal utgreie alternativ til dagens struktur.

Ulstein og Hareid har som intensjon å danne ein ny felles kommune frå 1.januar 2020. Det er kommunestyra som rår til om kommunane skal slå seg saman eller ikkje, etter dialog og medverknad frå innbyggjarane. Ei endeleg avgjerd vert teken av Stortinget i juni 2017.

Måla for reforma er gode og likeverdige tenester til innbyggjarane, ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, kommunar som er berekraftige og økonomisk robuste samt eit styrka lokaldemokrati.

Ulstein og Hareid er ein del av ein kvardagsregion med felles bu- og arbeidsmarknad, høg pendlingsfrekvens mellom kommunane, korte avstandar, og eit sterkt næringsliv. Begge kommunane har god folkevekst, samla sett over landssnittet. Kommunane er relativt tett befolka, med korte avstandar mellom kommunesentra og kretsane, og ei god demografisk fordeling av befolkninga.

Kommunane har allereie i dag eit omfattande interkommunalt samarbeid, dei fleste i saman med dei andre kommunane på Søre Sunnmøre. Dei fleste av desse samarbeida må ein rekne med må halde fram. Ei samanslåing kan likevel gi ei rekkje moglegheiter og gevinstar:

- betre politisk samordning og overordna prioritering
- betre strategisk og administrativ styring
- større samla innovasjonskraft
- betre utnytting av personale og arealressursar
- større kraft som samfunnsutviklar
- kommunen får fleire oppgåver og større sjølvråderett
- større fagmiljø som kan gi meir berekraftige og fleksible tenester
- kostnadseffektiv drift

Avtalen og det vidare samarbeidet skal legge til grunn at kommunane er å sjå på som likeverdige. Intensjonsavtalen skal danne grunnlaget for utforminga av, og innarbeidast i, samfunnsplanane og andre planar i dei noverande kommunane.

KAP.2 - VISJON OG MÅL

Hareidlandet kommune skal vere den mest attraktive kommunen å busette seg i på Sunnmøre grunna attraktive og definerte tettstadar og bustadområde, ein interessant og mangfaldig arbeidsmarknad, og eit framifrå kultur- og idrettsmiljø.

HOVUDMÅL

- *Å bygge ein sterk kommune som sikrar innbyggjarane tenester av god kvalitet og fremjar vekst og utvikling i heile kommunen.*
- *Å vere eit førebilde for andre kommunar innanfor innovasjon og samfunnsutvikling.*
- *Å vere ein god nabo og konstruktiv samarbeidspartnar ovanfor dei andre kommunane på Sunnmøre*
- *Ein fast og tydelig lagspelar for næringslivet og frivillig sektor.*
- *Ein ambisiøs kultur- og idrettskommune på linje med dei større byane.*
- *Hareidlandet kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar.*
- *Ei øy utanom det vanlege.*



KAP.3 - SAMFUNNSUTVIKLING

Attraktive tettstadar vert rekna som viktig for å sikre vekst og utvikling både i tettstaden sjølv men også i tilgrensande krinsar. Ulstein og Hareid har begge kvar sine tydelege definerte kommunesenter som skal utviklast vidare med tanke på å legge til rette for bulyst og attraktivitet. Fortetting og forskjøning i sentrum vert rekna som viktige verkemiddel for å oppnå dette. Ein skal legge til rette for eit breitt handels og servicetilbod i tettstadane.

Krinsane i kommunen skal framleis riggast for vekst og bulyst, og er avgjerande for utviklinga i tettstadane. Ein vesentleg del av veksten i kommunen skal difor skje her. Den nye kommunen skal derfor sørge for at det til ei kvar tid er byggeklare tomter i alle krinsane.

Eit sterkt Sunnmøre er ein føresetnad for at regionen skal kunne konkurrere med dei store byregionane. Det er difor viktig at Ålesund og kommunane rundt, står saman om å bygge ein sterk region. Den nye kommunen ønskjer å vere ein aktiv pådrivar for dette. Ikkje minst vil realiseringa av HAFast ha mykje å seie for regionen.

Samhandling med næringslivet og frivillig sektor er ein vinn-vinn situasjon som alle partar tener på. Den nye kommunen vil arbeide for å legge til rette for eit fruktbart 2- eller 3-parts samarbeid til beste for alle innanfor flest moglege områder.

Ein variert arbeidsmarknad i og utanfor eiga kommune er avgjerande for rekruttering av nye innbyggjarar. Den nye kommunen skal difor jobbe målbevisst med å legge til rette for fleire og meir varierte arbeidsplassar i heile kommunen.

Trivsel i kvardagen handlar om gode kulturopplevingar og fritidstilbod. Eit breitt og godt samansett tilbod av organiserte og uorganiserte fritidssyslar må difor prioriterast. Likeeins må ein legge til rette for aktiv bruk av naturen.

Heilskapleg samfunnsplanlegging og arealutnytting er trekt fram som eit av hovudmåla med reforma. Ein større kommune gjer det mogleg å planlegge og utnytte dei ressursane samt moglegheitene som ligg i vårt område.

STRATEGI OG TILTAK

- *Utarbeide tettstadsplanar for Hareid og Ulsteinvik og prioritere tettstadsutvikling i begge dei eksisterande kommunesentra.*
- *Kommunen skal sikre at det blir regulert og bygd ut tomteområder i alle krinsar.*
- *Gjennom konkrete og samordna planar finne gode løysingar for utvikling av Hareid sentrum, der helsehus, ungdomsskule og kultursal inngår.*
- *Plan- og utviklings-avdelinga skal leggest til Hareid for å tydeleggjere satsinga på sentrumsutvikling i Hareid.*
- *10 millionar av reformstøtta skal øyremerkast sentrumsutvikling i Hareid.*
- *5 millionar av reformstøtta skal øyremerkast sentrumsutvikling i Ulstein.*
- *Utvikling av viktige rekreasjonsområder og kulturminner i den nye kommunen skal prioriterast. T.d. Overåsanden, Kvitneset og Osnessanden.*



KAP. 4 - GODE OG LIKEVERDIGE TENESTER

Ein er einige om at basistenesene som folk brukar i det daglege i hovudsak skal ligge som dei gjer i dag. Slike tenester er:

- Skule
- SFO
- Barnehagar
- Legesenter
- Helsestasjonar
- Sjukeheimar
- Dagsenter
- Servicetorg
- Bibliotek
- Kulturskule
- Ungdomsklubb
- Idrettshallar
- Symjebasseng

Ein ny og større kommune gjev større fagmiljø innanfor administrasjon og spesialiserte tenester som ein med fordel kan samle for å auke trivsel, kompetanse og utviklingskraft. Sidan det berre er omlag 10 km mellom dagens to kommunesenter, er det naturleg å fordele oppgåvene mellom dei. Det ligg såleis godt til rette for ei god funksjonsfordeling.

STRATEGI OG TILTAK

- *Innbyggjarane i kommunen skal oppleve kvalitativt gode tenester der dei bur.*
- *Utvikle nye, eller ta over tenester som ein tidlegare ikkje har klart i eigen regi*
- *Utvikle og/eller ta i bruk nye metoder og velferdsteknologi*
- *Gi likeverdige tenester lett tilgjengeleg for brukarane*
- *Bygge solide fagmiljø som fremjar trivsel, god rekruttering og god kompetanse.*
- *Samarbeide med frivillig sektor og næringslivet for å utnytte ressursane best mogleg.*
- *Nytte verktøy systematisk og kontinuerlig for å utvikle kvaliteten på tenestene (t.d. Kommunekompasset)*
- *Ein trygg eldreomsorg med trivsel for den einskilde.*
- *Vedteke helsehus på Hareid skal innehalde følgjande fellesfunksjonar i kommunen:*
 - *Tannhelseteneste*
 - *Kommunepsykolog*
 - *NAV*
 - *Rus og psykiatri (administrasjon/leiing-funksjon)*
- *For å styrke fagmiljøet og utvikle helsehuset, vert dei neste fire -4- nye legeheimlane lagt til helsehuset på Hareid. Kveldslegevakt vert organisert som i dag.*



KAP.5 - FORDELING AV OPPGÅVER

Administrative oppgaver og spesielle tenester skal fordelast slik:



Funksjon	Hareid	Ulsteinvik
Strategisk leiing *		X
Strategiske stabsfunksjonar **		X
Plan og utviklingsavdeling	X	
Koordinerende stabsfunksjonar	X	
Teknisk	X	
Oppvekst	X	
Helse og omsorg		X
Kultur (ikkje eigen etat/sector med kommunalsjef)	X	
NAV	X	
Eigedomsforvaltning (organisert som KF etter modell frå UEKF)		X

*) Strategisk leiing omfattar:

Ordførar, Rådmann, Assisterande rådmann, kommunalsjefar, Økonomisjef og Personalsjef (8 pers)

**)Strategisk stab omfattar:

Jurist, 1-2 rådgjevarar per kommunalsjef, kommunikasjonsavdeling og felles sekretariat (10-12 pers)



KAP.6 - EIT LEVANDE LOKALDEMOKRATI

Engasjement, deltaking og ei kjensle av å ha påverknad er avgjerande for eit levande lokaldemokrati. Dei folkevalde i den nye felleskommunen må tenkje heilskap og langsiktig utvikling til beste for fellesskapet. Ein større kommune kan verke trugande for nærdemokratiet, men ved hjelp av stort engasjement og teknologiske løysingar er det mogleg å styrke dialogen og medverknaden for alle, også mellom vala, og ikkje berre dei som målberer dei sterkaste meiningane. Uansett er det relativt små forhold og korte avstandar, noko som burde gi eit godt grunnlag for eit levande demokrati.

STRATEGI OG TILTAK

- *Den nye kommunen skal vere organisert etter formannskapsmodellen (som dagens kommunar). I første periode skal kommunestyret ha 31 medlemmar. Formannskapet skal ha 9 medlemmer.*
- *I tillegg til lovpålagte organ, skal kommunen ha eit ungdomsråd.*
- *Fellesnemnda utformar den politiske organiseringa elles.*
- *Kommunen skal gjennomføre ein meir aktiv dialog med innbyggerane gjennom nye digitale plattformer, fleire folkemøter, innbyggjarundersøkingar, og liknande.*
- *Kommunen er avhengig av og skal støtte den frivillige innsatsen. Ansvar til politisk sekretariat skal utvidast til også å ivareta /engasjere frivillig sektor.*

KAP.7 - KOMMUNESENTER

Det nye kommunesenteret vert Ulsteinvik. Partane er einige om at både Hareid og Ulsteinvik skal prioriterast med omsyn til tettstadsutvikling.

KAP.8 - KOMMUNENAVN OG KOMMUNEVÅPEN

Den nye kommunen skal heite Hareidlandet. Hareid sitt kommunevåpen og ordførarkjede skal nyttast vidare.

KAP.9 - MÅLFORM

Den nye kommunen skal ha nynorsk som målform, og ha ein medviten språkbruk og eigen språkbruksplan.

KAP.10 - INNBYGGARMEDVERKNAD

Kommunane vil ha ei tett innbyggarmedverknad og koordinere tidspunkt for dette. Hareid skal gjennomføre folkerøysting og opinionsundersøking, Ulstein skal gjennomføre opinionsundersøking før ein tek endeleg stilling til samanslåing. Kommunane skal vere aktive for å informere grundig og balansert.



KAP.11 - EIN SUNN KOMMUNEØKONOMI

Den nye kommunen skal ha ein sunn økonomi, drive effektivt og levere gode tenester. I perioden fram mot samanslåing pliktar kommunane å utøve ei forsvarleg drift. Kommunane skal ta kollektivt ansvar for gode prosessar og føreseielege handlingar, og må i fellesskap ta stilling til større investeringsprosjekt som belastar drifta etter samanslåing. Etter 2020 vil eit nytt felles kommunestyre ha ansvaret for økonomiske prioriteringar basert på felles og heilskapleg utvikling.

STRATEGI OG TILTAK

- *Kommunane skal i perioden fram til samanslåing vedta budsjett og økonomiplanar med positive driftsresultat.*
- *Ein skal i tillegg arbeide kontinuerleg med naudsynte omstillings- og effektiviseringsprosessar slik at den nye kommunen vil vere mest mogleg veldriven frå dag ein.*
- *Brukarbetalingar og kommunale avgifter blir gradvis harmoniserte frå 2020 til 2030.*
- *Kommunane skal rapportere viktige økonomital til kvarandre gjennom tertialrapportar, og ha tett dialog omkring vesentlege endringar i driftsnivå og om investeringar som har netto kostnad inn i perioden for ny kommune.*
- *Det er ei målsetting at den nye kommunen ikkje skal ha eigedomsskatt.*
- *Dersom dagens Tussa-aksjar vert selde av den nye kommunen, skal avkastninga fordelast til nye investeringar i dei gamle kommunane basert på eigardel.*
- *Investeringsliste i prioritert rekkjefølgje:*
 - *Hareid ungdomsskule*
 - *Ulsteinvik barneskule*
 - *Aktivitetshus med tilhøyrande kultursal (Hareid)*
 - *Arbeidskyrkje (Ulstein)**

* Dersom soknet får på plass ein stor del private bidragsytarar kan dette punktet realiserast tidlegare og løftast ut av prioriteringslista.

KAP.12 - FELLESNEMND

Fellesnemnda har etter Inndelingslova §26 ansvar for å styre og følgje opp samanslåingsprosessen i perioden frå det er gjort vedtak og fram til samanslåinga vert sett i verk 1. januar 2020.

Fellesnemnda skal bestå av 6 medlemmer frå kvar av kommunane. Fellesnemnda skal veljast av og blant kommunestyra i kvar kommune.

I perioden frå vedtak i kommunestyra om samanslåing og fram til dette er formelt godkjent i stortinget kan kommunane peike ut ei mellombels fellesnemnd som kan starte arbeidet med å førebu den nye kommunen.

Det operative arbeidet skal utførast av ein prosjektorganisasjon utifrå ein prosjektplan. Dei tilsette skal sikrast medverknad gjennom eit nytt partssamansett utval for den nye kommunen.

STRATEGI OG TILTAK

- *Fellesnemnda får disponere 10 millionar av reformstøtta*



KAP.13 - ARBEIDSGJEVARPOLITIKK

Ei kommunesamanslåing er ei verksemdoverdraging, Jf. Arbeidsmiljølova § 16.

Arbeidsgjevarpolitikken skal spela på lag med fagforeiningane og fylgje lov- og avtaleverket på ein god måte. Målet er å byggje ein kompetent og attraktiv kommuneorganisasjon, og sikre gode fagmiljø som kan stimulere til god rekruttering og godt omdøme.

Den nye kommunen skal etablere ein arbeidsgjevarpolitikk som bidreg til å samle og utvikle arbeidstakarane, og som skaper eit løysingsorientert miljø med gode relasjonar mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarar.

Den nye kommunen skal ha ein tydeleg og inkluderande arbeidsgjevarpolitikk der ein legg til rette for dialog også med dei folkevalde, og der det vert vektlagt mangfald og fagleg utvikling blant tilsette.

STRATEGI OG TILTAK.

- *Høg grad av medverknad frå arbeidstakarorganisasjonane både under og etter etablering av den nye kommunen.*
- *Den administrative omorganiseringa skal gjennomførast med ein god prosess i nært samarbeid med arbeidstakarane og deira tillitsvalte.*

KAP.14 - VERDIAR I DET VIDARE ARBEIDET

Arbeidet med ei ny felles kommune skal vere prega av tillit, respekt, rausheit og likeverd. Vi vil arbeide for ei best mogleg ny kommune der vi skal tenke moglegheiter og løysingar for vekst og velstand i heile kommunen.

Avtaleteksta gir ei overordna strategisk skisse for bygging av den nye kommunen, og er eit produkt av semje mellom partane.

Partane rår til at avtalen verdt sendt på høyring til innbyggjarane og kommunestyra for vidare politisk handsaming.

Ulsteinvik den 7. juli 2016

Knut Erik Engh
Ordførar
Ulstein kommune

Anders Riise
Ordførar
Hareid kommune

Fakta og nøkkeltall for kommunane

Vedlegg til intensjonsavtalen mellom Hareid og Ulstein

Innhald

Innleiing	2
Økonomi	2
Resultatgrad.....	2
Lånegjeld.....	3
Fond/akkumulert overskot	3
Balanse.....	4
Eigarskap.....	4
Demografi	4
Folketallsframskriving.....	4
Demografisk sårbarheit	5
Forsørgarevne.....	6
Kjønnsbalanse.....	6
Folketal fordelt på grunnkrinsar	7
Arbeidsliv	8
Tilsette i kommunen	8
Arbeidsplassdekning	8
Fordeling av sysselsette.....	8
Næringsmessig sårbarheit	8
Pendling	9
Omsetning i varehandelen.....	10
Tenesteproduksjon	10
Barnehagar.....	10
Skular	10
Sjukeheimar	11
Omsorgsbustader.....	11

Innleiing


Dette dokumentet er eit vedlegg til intensjonsavtalen mellom Hareid og Ulstein. Dokumentet har ingen annan funksjon eller hensikt enn å gi eit bilde av dagens kommuner, gjerne samanlikna med andre kommuner. Dette for at den som ønskjer å få eit betre innblikk i kommunenes moglegheiter og utfordringar enkelt kan finne det i eit samla dokument. Tala er henta frå ulike offentlege statistikkar frå nettstadar som www.ssb.no, www.nykommune.no og <http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser>.

Økonomi

Resultatgrad

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern

Kommune	2011	2012	2013	2014	2015	Snitt
Vanylven	0,9	2,8	7,5	2,1	3,2	3,3
Sande	3,4	3,4	0,6	-0,5	-3,3	0,7
Herøy	5,1	2,9	-5,1	-6,2	-0,3	-0,7
Ulstein	-0,6	2,4	8,5	1,8	2,7	3,0
Hareid	0,1	1,3	2	1,8	2	1,4



Kjelde: ssb.no/kostra

Diagrammet viser utvikling og snittresultat siste fem åra for kommunane. KS rår til at driftsresultatet for kommunar i snitt bør ligge på minimum 1,8% framover for å kunne handtere svingingar i utgifter og kapital-slit over tid.

Lånegjeld

Tekst	Hareid	Ulstein
Lånegjeld Hareid kommune	328 381 441	1 417 040 964
Lån til vidarefomidling (startlån)	-19 056 392	-50 701 069
Sjølvkostinvesteringar(VA)	-82 124 457	-141 320 437
Lån med dekning i egne inntekter	-49 421 365	-381 038 814
Lånegjeld som vert dekt av skatt/rammetilskot	177 779 227	843 980 644
Sum driftsinnt mill kr	355,6	607,5
Innbyggjar	5192	8 430
Total gjeld pr inb	63 248	168 095
Lånegjeld som vert dekt av skatt og rammetilskot	34 241	100 116
Lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	211,5	331,1
Finanskostnader avrunda tal.		
Finanskostnader	Hareid	Ulstein
Minnimumsavdrag	12 000 000	27 879 000
Renteutgifter	6 500 000	35 484 000
Lånekostnader drift	18 500 000	63 363 000
Ubrukte lånemidlar pr. 31.12.2015	3 775 649	185 411 000
Nytt lån til investeringar 2016		
teke opp 2016	19 784 000	62 200 000
Av dette lån til vatn/avløp og til vidare utlån	8 980 000	26 950 000


Fond/akkumulert overskot

Alle fond pr. 31.12.2015:

Hareid: 16,2 mill., av dette overskot 2015 kr 2,5 mill. Akkumulert underskot vert då 3,2 mill.

Ulstein: 91,5 mill., av dette overskot 2015 kr 8,5 mill.

Balanse



Eigarskap

Verdiane i Tussa er for Hareid kommune kr 124.620.000 og for Ulstein kr 53.940.000. Kommunane har ei rekke andre eigarskap, men hovudsakleg i små selskap eller der kommunane ikkje har vesentlege eigarinteresser. Unntaket er renovasjonsselskapet SSR, der kommunane eig andelar basert på folketal.

Demografi

Folketallsframskriving

Ulstein hadde ved årsskiftet 8 430 innbyggjarar, Hareid hadde 5 189 innbyggjarar. Samla folketall for desse kommunene er i dag 13 619. Framskrivningane er som følgjer:

2020	LAVT	MIDDELS	HØYT
Samla	13807	14130	14503
Ulstein	8830	9026	9271
Hareid	4977	5104	5232


2040	LAVT	MIDDELS	HØYT
Samla	15381	17100	20132
Ulstein	10524	11680	13754
Hareid	4857	5420	6378

2015	0 - 5 år	6 - 15 år	16 - 19 år	20 - 66 år	67 - 79 år	80 år og eldre
Samlet	1014	1805	735	8055	1174	574
Ulstein	630	1184	461	5014	699	304
Hareid	384	621	274	3041	475	270

2020	0 - 5 år	6 - 15 år	16 - 19 år	20 - 66 år	67 - 79 år	80 år og eldre
Samlet	1024	1818	726	8548	1435	579
Ulstein	661	1155	481	5555	855	319

Hareid	363	663	245	2993	580	260
--------	-----	-----	-----	------	-----	-----

2040	0 - 5 år	6 - 15 år	16 - 19 år	20 - 66 år	67 - 79 år	80 år og eldre
Samlet	1116	2042	813	9794	2156	1179
Ulstein	774	1419	551	6822	1419	695
Hareid	342	623	262	2972	737	484




Tabellen og diagrammet ovanfor viser SSB sine framskrivingar av folketall pr aldersgruppe frå 2015-2040 basert på mellomalternativet. Som det går fram ovanfor er det forventa at Ulstein får ein sterk vekst av innbyggjarar i arbeidsfør alder, medan denne gruppa vil vere stort sett uendra i Hareid. I følgje framskrivingane vil Ulstein ha ein større vekst blant både barn og eldre enn Hareid.

Demografisk sårbarheit

Indikator	Møre og Romsdal	Hareid	Ulstein
Dødelegheitsrate	1	0	0
Fødselsrate	1	0	0
Netto tilflytting	0	0	0
Del befolkning 0-14 år	0	0	0
Del befolkning 15-24 år	0	0	1
Del befolkning 25-54 år	1	1	0
Del befolkning 55-64 år	1	1	0
Del befolkning 65 år og eldre	1	1	0
Kvinneoverskot	1	1	1
Over 95 kvinner per 100 menn, 15-64 år	1	1	1
Tal på sårbarheiter	7	5	3

Tabellen ovanfor viser ulike former for sårbarheit. 1=meir sårbar enn landssnittet, 0=mindre sårbar enn landssnittet. Både Hareid og Ulstein er blant dei minst sårbare kommunane i fylket.

Forsørgarevne



Figuren ovanfor viser forholdet mellom antall personer i arbeidsfør alder i forhold til eldre. Ulstein har ei noko større forsørgarevne enn Hareid.

Kjønnsbalanse

Kommune	Menn	Kvinner	Menn i %	Kvinner i %
Samla	7 096	6 523	52,1	47,9
Ulstein	4 433	3 997	52,6	47,4
Hareid	2 663	2 526	51,3	48,7
Møre og Romsdal	135 170	130 120	51,0	49,0
Landet	2 625 111	2 588 874	50,3	49,7

Kommune	0-5 år		6-15 år		16-66 år		67 år eller eldre	
	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner
Samla	537	463	935	923	4 795	4 141	829	996
Ulstein	321	285	608	608	3 014	2 536	490	568
Hareid	216	178	327	1 781	1 605	315	339	428

Tabellane ovanfor viser at kjønnsbalansen i dagens kommunar er lite tilfredsstillande. Ulstein er verre stilt enn Hareid, men begge kommunane har ei dårlegare balanse enn fylket og landet under eitt. Dette har truleg ein samanheng med at kommunane er vertskap for mange arbeidsinnvandrarar, men interessant nok ser ein også at ein også at blant barn og unge er gutane overrepresenterte.

Arbeidsliv

Tilsette i kommunen

Kommune	Tilsette	Årsverk
Samla		
Ulstein inkl. UEKF	640	461
Hareid	435	339

Arbeidsplassdekning

Tabellen nedanfor viser tala for arbeidsplassdekning i 2014. Det er grunn til å tru at dette har endra seg i begge kommunar, men ikkje vesentleg.

Kommune	Sysselsette	Arbeidsplassar	Arbeidsplassdekning	Over/underdekning
Samla	7 107	7 591	107 %	484
Ulstein	4 466	5 528	124 %	1062
Hareid	2 641	2 063	78 %	-578
Møre og Romsdal	13 6789	13 1844	96 %	-4945

Fordeling av sysselsette

Kommunane har eit relativt likt sysselsettingsmønster med høg grad av private arbeidsplassar og få tilsette i primærnæringane.

Kommune	Offentlig	Privat
Samla	18 %	82 %
Ulstein	17 %	83 %
Hareid	22 %	78 %

Kommune	Primærnæring	Sekundærnæring	Tertiærnæring
Samlet	1	47	52
Ulstein	1	49	51
Hareid	2	42	56


Næringsmessig sårbarheit

Tabellen nedanfor viser grada av næringsmessig sårbarheit. Indikatoren er samansett av 3 ulike delar – hjørnesteinsfaktor, bransjespesialisering og arbeidsmarknadsintegrasjon.


Kommune	Offentlig
Ulstein	29,6
Hareid	16,8

Pendling

Inn- og utpendling frå bustadkommune til arbeidskommune Ulstein:



Inn- og utpendling frå bustadkommune til arbeidskommune Hareid:



Illustrasjonen ovanfor viser pendling inn og ut av kommunane. Det er høg grad av gjensidig pendling mellom Ulstein og Hareid.

Omsetning i varehandelen

Kommune	Omsetning	Pr.innbyggjar
Samla	1 056 024 956	77 540
Ulstein	859 860 000	102 000
Hareid	196 164 956	37 804
Molde		111 488
Ålesund		118 827
Kristiansund		92 810
Vanylven		58 379
Sande		25 608
Herøy		57 738
Volda		88 314
Ørsta		82 784

Ulsteinvik er i dag eit av dei største handelssentera i fylket, men merkar aukande konkurranse frå Moa og Ørsta/Volda, og har dei siste åra tapt terreng. Hareid har blant dei lavaste omsetningstala i fylket.

Tenesteproduksjon

Barnehagar

Barnehage	Krins	Eigarskap	Avdelingar	Plassar
Samla				
Blåtinden barnehage	Haddal	Privat	3	41
Sundgotmarka barnehage	Hasund	Kommunal	3	69
Gnist Støylane	Ulsteinvik	Privat	6	134
Sætra barnehage	Ulsteinvik	Privat	5	47
Almejordet familiebarnehage	Ulsteinvik	Privat	3	66
Høddvollbarnehagen	Ulsteinvik	Privat	3	50
Vikemarka barnehage	Ulsteinvik	Privat	2	68
Tryggheim barnehage	Ulsteinvik	Privat	2	50
Hareid barnehage	Hareid	Kommunal	2	35
Syverplassen barnehage	Hareid	Kommunal	3	55
Bigset barnehage	Bigset	Kommunal	3	64
Gnist Holstad	Hareid	Privat	6	219

Både Ulstein og Hareid har pr i dag 100% barnehagedekning. Hareid har litt overkapasitet, medan ein i Ulstein har lite plassar utanom dei som har krav på plass etter lova.

Skular

Skule	Antall elevar 2015-2016	Antall klasser 2015-2016	Gj.snittleg klassestørrelse
Samla			
Hjørungavåg skule	87	7	12
Hareid skule	244	13	19
Bigset skule	110	7	16
Brandal skule (privat)	16	2	8
Hareid ungdomsskule	169	7	24
Ulstein skule	103	7	15
Ulsteinvik barneskule	448	20	22
Haddal skule	64	4	16
Hasund skule	202	11	18
Ulstein ungdomsskule	385	13	30

*) Basert på framskrivingar av born i krinsen pr i dag.

Sjukeheimar

Kommune	Avdeling	Plassar
Samla		
Ulstein	Korttidsavdeling	18
Ulstein	Langtidsavdeling (demens)	8
Ulstein	Langtidsavdeling (demens, kognitiv svikt og somatisk sjukdom)	16
Hareid	Korttidsavdeling	16
Hareid	Langtidsavdeling (skjerma)	17
Hareid	Langtidsavdeling (buavdeling)	17

Kommune (2014)	Del av innbyggjarar 80 år og eldre som bur på institusjon	Andel årsverk i brukar retta tenester m/ fagutdanning	Antall innbyggjarar 80 år og eldre som mottek heimetenester
Hareid	16,3	77	34,1
Ulstein	9,9	66	35,2

Omsorgsbustader


Kommune	Tal
Samla	148
Ulstein	94
Hareid	54

07.07.2016

Teiknforklaring:



- Administrasjonsbygg
- ▲ Kommunal skule
- ▲ Privat skule
- ▲ Kommunal barnehage
- ▲ Privat barnehage
- Omsorgsbustadar
- Sjukeheim/Institusjon
- ✕ Teknisk drift/Brann
- ✕ Diverse/kombinert



Arbeidsoppgåver Fellesnemnda Hareidlandet kommune

(utkast 07.07.16)

Etter Inndelingslova § 26 skal kommunane opprette ei Fellesnemnd som skal samordne og førebu arbeidet med å etablere og bygge den nye kommunen. Etter at Stortinget har gjort endeleg vedtak om samanslåing våren 2017, skal Fellesnemnda halde fram detaljarbeidet med innhald i og organisering av ny kommune fram til samanslåing 1. januar 2020.

Fellesnemnda skal ha 3 personar frå kvar kommune, og vara-medlemmar frå kvar kommune. Fellesnemnda vel sjølv leiar og nestleiar.

Mandat og oppdrag

Fellesnemnda sitt ansvar er gitt i Inndelingslova §26 og i intensjonsavtalen for Runde kommune. Dei mest sentrale oppgåvene vil vere:

- Fellesnemnda skal tilsetje prosjektleiar i den nye kommunen; stillinga skal lysast ut eksternt. Dagens rådmenn fungerer som rådmenn i noverande enkeltkommunar til ny kommune trer i kraft 1. januar 2020.
- Tilsetjingsforholdet for noverande rådmenn skal avklarast innan same tidsfrist.
- Fellesnemnda skal ivareta medverknad frå tilsette og tillitsvalte.
- Fellesnemnda sine medlemmar er samtidig arbeidsgivar sine representantar i partssamansett utval for samanslåingsprosessen. Partssamansett utval kan ha inntil 3 (hovud-)tillitsvalde frå kvar kommune. Arbeidsgivar har leiar (dobbelstemme ved eventuelt stemmelikskap) i partssamansett utval.
- Fellesnemnda skal ta stilling til revisjonsordning for den nye kommunen etter innstilling frå kontrollutvala i dei tre kommunane.
- Fellesnemnda skal etterspørje og avklare alle prinsipielle forhold gjeldande samanslåingsprosessen.
- Fellesnemnda må og utarbeide framlegg til struktur for korleis eldreråd, ungdomsråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne skal organiserast på overordna nivå.
- Kommunane har i perioden fram til 1.1.2020 ansvar for ordinær drift, og skal halde Fellesnemnda løypande orientert om nøkkeltal og utvikling. Spørsmål som kan ha betydning for den nye kommunen bør først drøftast i Fellesnemnda.
- Fellesnemnda kan uttale seg i saker som er til behandling i kommunane sine ordinære utval. Fellesnemnda har eit spesielt ansvar for å vurdere saker med økonomiske eller arealpolitiske konsekvensar. Kommunane skal involvere Fellesnemnda i førebuinga av økonomiplan med årsbudsjett. Det er likevel formannskapet som gir budsjettinnstilling til kommunestyret.
- Fellesnemnda skal søke å oppnå konsensus i alle avgjerder. Ved usemje skal Fellesnemnda vurdere om spørsmålet kan utsettast til etter at nytt felles kommunestyre er konstituert. Forhold som likevel blir vurdert som nødvendig å ta stilling til blir avgjort med alminneleg fleirtal. Ved stemmelikskap har leiar av Fellesnemnda dobbeltstemme.
- Fellesnemnda skal foreslå kva interkommunale samarbeid (i vid forstand) som kan/bør halde fram og kva som kan/bør opphøyre/overtakast av felleskommunen.